

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

04.01.18

Att.: Lisbeth Toppe Alver

**Eigarskap til Tingstova.**

Syner til førespurnad frå Radøy kommune til Manger Bygdelag datert 14.12.2017.

I brevet spør Radøy kommune om å få overta Tingstova. Kommunen skal sette i stand Prestegarden og hageanlegget rundt, og kunne då og tenke seg å overta/eige Tingstova. Grunnen til denne interessa er m.a. at ein kan tenke seg å nytte staden som vigselsplass.

Ein gjer framlegg til Bygdelaget om å overta eigarskapen gratis mot at Bygdelaget vert sikra bruksrett.

Styret for Bygdelaget har diskutert saka i møte 02.01.2018. Etter møtet ynskjer ein å ta opp følgjande punkt:

1. Ein stiller seg ikkje avvisande til at Radøy kommune får overta huset.
2. For bygdelaget er det viktig at sjølv om kommunen står som eigar, må frivillige lag og organisasjonar også i framtida kunne nytte huset til ymse aktivitetar. Laga må ha bruksrett til huset som i dag. Det må kunne serverast alkohol.
3. Bygdelaget skal disponere loftet fritt. Her skal laget kunne sette frå seg ting, og kunne halde møter og samlingar om det er naudsynt. Disposisjonsretten er vederlagsfri.
4. Kommunen tek ansvar for kostnader i samband med universell utforming av bygningen.

Radøy kommune skal leggast ned frå 2020. Dette er berre to år til, og Bygdelaget er usikre på kva dette får å seie med omsyn til vedlikehald, stell og bruk av staden innanfor den nye kommunen. Denne organisasjonen har ikkje utan vidare noko forhold til Tingstova og Radøy kommune sin historie. Den nye kommunen får dessutan truleg mange tilsvarande objekt å take vare på. Bygdelaget ynskjer såleis ein diskusjon med Radøy kommune for om mogeleg å avklare tryggleiken for Tingstova i ein framtidig storkommune.

På den bakgrunnen som er nemnt over, ynskjer Bygdelaget at ein i kjøpsavtalen kan ta inn eit punkt som sikrar at Bygdelaget kan få Tingstova tilbake dersom det syner seg i framtida at Alver kommune ikkje har kapasitet til eller interesse for å ta vare på Tingstova. Ved eventuell tilbakeføring må huset vere i same stand som då kommunen fekk overta det.

Bygdelaget meiner det er naudsynt å diskutere denne saka over bordet før det vert trekt konklusjon om kva som skal skje med Tingstova. Ein ser fram til vidare kontakt i denne saka.

Med helsing  
Manger Bygdelag

Odd Matre  
Solendvegen 307, 5936 Manger.

Eli Bjørklid

Torbjørn Drivenes